

STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Trondheim, 13.09.2024

Dykkar ref.:  
2023/14911

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2023/6096

Sakshandsamar:  
Ingrid Vaagland Stav

## Endring av forskrift om oppretting av landskapsvernområde i Sunnfjord kommune, Vestland fylke


Vi viser til brev frå statsforvaltaren i Vestland motteke 24. april 2024 med tilråding om endring i vernegrensa i forskrifta om opprettelse av landskapsvernområde i Sunnfjord kommune (tidlegare Gaular) Vestland fylke (tidlegare Sogn og Fjordane).

### **Bakgrunn for saka**

Det aktuelle landskapsvernområdet vart oppretta 22. oktober 1971 som det første landskapsvernområdet i landet. Bakgrunnen for tilrådinga om grensejustering er at det er uklart kor grensene går og at det er behov for å klargjere dette. Fastsetting av grensene slik dei går fram av vernekartet, var på vernetidspunktet mykje meir omtrentleg enn det som er gjeldande praksis i dag. På kartet som følgde Kongeleg resolusjon i 1971 var grensa vist med ein horisontal (aust-vest) strek i nord, og i sør, godt sør for brua, med ein strek som går frå sørvest til nord-aust. Grensa mot aust og vest (Hestadfjorden og Viksdalsvatnet) er ikkje teikna inn på dette kartet.

På digitale vernekart i naturbase.no vert grensa for landskapsvernområde vist annleis både i sør og nord. Her ligg grensa i sør like ved brufestet på Fv. 610, medan den i nord går langs Fv. 5674, slik at Hestadgrend bedehus ligg innanfor landskapsvernområdet. Mot Hestadfjorden og Viksdalsvatnet følgjer grensa normal vasstand i Gaularvassdraget.

Statsforvaltaren tilrår at grensa skal vere slik at Hestadgrend bedehus vert liggjande utanfor verneområdet, og at vernegrensa skal følgje eigedomsgrensene for dei to teigane med gnr/bnr 150/18 og som mot Viksdalsvatnet og Hestadfjorden går på 1 meters djup.



Figur 1: Høyringskart frå Statsforvaltaren i Vestland med gnr. og bnr.

Forslaget til endring i vernegrensa blei sendt på høyring 12. februar 2024. Det kom seks fråsegner til framlegget, og alle var positive eller hadde ikkje merknader til framlegget om ny grense for Hestad landskapsvernområde.

Tilrådinga frå Statsforvaltaren i Vestland om justert grense for landskapsvernområdet inneber mindre endringar i høve til grensene som er kjende som gjeldande grenser i dag.

### **Miljødirektoratet si vurdering**

I brevet av 24. april 2024 tilrår statsforvaltaren i tillegg til justering av grensa, at Miljødirektoratet rettar verneforskrifta for landskapsvernområdet ved å ta inn gnr. 104, bnr. 6, gnr. 150, bnr. 10, gnr. 150, bnr. 18 og gnr. 150, bnr. 20 i oversikta over ramma eigedommar, og at arealopplysninga blir endra til 29,22 daa.

Miljødirektoratet har med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfoldloven) § 77, delegeringsvedtak 8. januar 2021 nr. 65 og delegeringsvedtak 12. januar 2021 nr. 82 jf. delegeringsvedtak 3. november 1988 nr. 4324 myndigheit til mellom anna å endre verneområdets namn, rette feil og unøyaktigheiter i beskrivinga av det verna området og å gjennomføre grenseendring som omfattar mindre areal.

Miljødirektoratet legg til grunn at dei aktuelle endringane av vernegrensa, og oppdatering av størrelsen på landskapsvernet og oppramsinga av gnr/bnr. i verneforskrifta omfattast av den delegerte myndigheita. Miljødirektoratet er einig i Statsforvaltarens vurdering av at det er formålstenleg å endre vernegrensa som føreslått.

I tida etter området vart verna har namnet på kommunen og fylket endra namn frå Gaular til Sunnfjord kommune og frå Sogn og Fjordane til Vestland. Dette blir også enda i forskrifta. På same vis har namnet til daverande fylkesmannsembetet blitt endra til statsforvaltar.

### **Vedtak**

Forskrift om endring i forskrift om opprettelse av landskapsvernområde, Gaular kommune, Sogn og Fjordane.

Med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfoldloven) § 77, delegeringsvedtak 8. januar 2021 nr. 65 og delegeringsvedtak 12. januar 2021 nr. 82 jf. delegeringsvedtak 3. november 1988 nr. 4324 gjer Miljødirektoratet følgjande endring i forskrift om oppretting av landskapsvernområde, Gaular kommune, Sogn og Fjordane.

I

Forskriftas første kap. I skal lyde:

I medhold av [lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 § 5](#) vert eit område på om lag 29,22 da kring Hestad kapell, gnr. 104, bnr. 6, gnr. 150, bnr. 10, gnr. 150, bnr. 18, gnr. 150, bnr. 20 i Sunnfjord kommune, Vestland fylke, lagt ut som landskapsvernområde i samsvar medføresegner i eit framlegg som ligg ved.

Forskriftas andre kap. I skal lyde:

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 § 5 er ved kgl.res. av 22. oktober 1971 fastsett at landtunga med Hestad kapell, gnr. 104, bnr. 6, gnr. 150, bnr. 10, gnr. 150, bnr. 18, gnr. 150, bnr. 20

i *Sunnfjord* kommune, *Vestland* fylke skal vera landskapsvernområde i samsvar med føresegner som nedafor nemnde. Det verna området som er om lag 29,22 da, er i nord avgrensa av vegkrossen med fylkesveg, i aust av Viksdalsvatnet, i syd av brua og i vest av Hestadfjorden.

Føremålet er å verna det særmerkte i eit vakkert naturlandskap som ramme om eit kulturminne.

Skipinga av landskapsvernområdet grip ikkje inn i eigartilhøve eller eigarrettar utover det som følgjer av føresegnene.

Nytt kartvedlegg til forskrifta skal være:

Vernekart for oppretting av landskapsvernområde i Sunnfjord kommune, Vestland fylke, Miljødirektoratet september 2024

II

Forskrifta trer i kraft straks

### ***Vidare saksgang***

Statforvaltaren i Vestland blir bede om å gjere vedtaket kjent for grunneigarar og andre ramma interesser. Miljødirektoratet vil kunngjere endringsvedtaket i Norsk Lovtidend.

Helsing  
Miljødirektoratet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjend*

Terje Qvam  
seksjonsleder

Ingrid Vaagland Stav  
seniorrådgiver